

## GODT NYTTÅR!

### Utsending av eksterne kvalitetskontrollar våren 2017

Denne oversikten for kontrollutsendingar vil de finne på heimesida vår [www.noklus.no](http://www.noklus.no) under seksjonen «Ekstern kvalitetssikring».

Merk av desse datoane:

Måned	Kontrollutsendingse	Dato
Januar	Helicobacter pylori	10.01.17
	HbA1c	10.01.17
	Mononukleose	16.01.17
	Urin dyppekultur	23.01.17
Februar	D-dimer	06.02.17
	Troponin T	13.02.17
Mars	CRP/Glukose/Hemoglobin	20.03.17
	INR	27.03.17
April	HbA1c	04.04.17
	Preanalytisk	24.04.17
	Hematologi	25.04.17
	Urin-albumin	25.04.17
Mai	Urin-hCG/Urinstrimmel	09.05.17
	Blod i fæces	30.05.17

Alle utsendingar første halvår er også markert i kalenderen som ligg ved.

I etterkant av utsendingane vert vurderingsbrev lagt inn på «Min side». De vil få varsel på e-post når desse er klare. Hugs å logge inn for å sjekke resultat og for å sjå kva vurdering de har fått. Har de fått dårleg vurdering? Ring oss i Noklus Sogn og Fjordane for råd!

### Kurs til våren

Den 23. mars skal vi i Sogn og Fjordane arrangere Noklus Grunnkurs. Dette passar fint for nyttilsette og for dei som ynskjer ei oppfrisking i laboratoriearbeid. Det kjem informasjon om kurset på heimesida vår, med lenke til påmelding til kurset. Vi vil også sende e-post til alle deltakarar når den er klar.

### Kurs i eigenkontroll antikoagulasjonsbehandling

Vedlagt er informasjon om eit tilbud for pasientar som brukar medikamentet Marevan og måler INR. Målgruppa er pasientar med langtidsbehandling og som ynskjer å ta ansvar for eiga behandling med måling av INR og dosering av Marevan.

### «Månedens tema»

Kvar måned presenterer vi ein ny plakat i serien «Månedens tema» på heimesida vår.

Med desse plakatane ynskjer vi å rette fokus på ulike laboratoriefaglege tema.

Denne månaden set vi fokus på at det er viktig med rett prøvemateriale.



### Noklus 25 år!

2017 er jubileumsår for Noklus. Då har organisasjonen jobba med å auke kvaliteten på laboratoriearbeid i primærhelsetjenesta sia 1992. I starten var det for det meste legekantor som var med i ordninga. Men i dag er over 95% av alle sjukeheimane i landet med, og i Sogn og Fjordane har alle heimetenestane fått tilbud om å vere med i Noklus!

## Årets tema: Urinvegsinfeksjon

Regjeringa har som mål at bruken av antibiotika i helsetenesta skal reduserast med 30 prosent innan 2020. Urinvegsinfeksjon er valt til årets tema i Noklus, for perioden 2016 - 2017.

I april 2016 hadde vi ein preanalytisk utsending med tema «Urinprøvetaking til dyrkning og strimmelundersøkelse». Vurderingsbrevet på PREA116 vil du finne på «Min side». Denne anbefaler vi at de skriver ut og kan diskutere på personalmøter eller i kollegagrupper om korleis eigne rutinar kan bli betre. For...

*«Urinprøver vert ofte tatt rutinemessig, på feil grunnlag og for sikkerhetsskyld. Overforbruk og feil bruk av urinprøver medfører unødig bruk av ressurser og antibiotika.»*

## E-læringskurs om urinprøver

Det er lansert 5 nye e-læringskurs:

- Urinvegsinfeksjon
- Urinprøvetaking og prøvebehandling
- Urinstrimmelundersøking
- Bakteriologisk undersøking av urin
- Andre urinundersøkingar



Kursa vil de finne på «Min side».

Vi oppmodar alle tilsette om å ta e-læringskurs!

## Eit godt tips!


Vi har ein ide til legekontora at de kan lage klar ein «pose» med veiledning i urinprøvetaking og eit uringlas som de kan gi til pasientane.



De finn veiledninga på «Min side» under pasientveiledningar. Denne er å finne på engelsk, arabisk og somalisk versjon.

## Opplæringsplan i laboratoriearbeid

Ein opplæringsplan er eit nyttig verktøy både for å få ein oversikt og for å kunne dokumentera kompetansen på arbeidsplassen. Det kan også vere ei god hjelp til å systematisere opplæringa. Noklus har laga eit forslag til ein opplæringsplan, og denne er å finne under Laboratorieprosedyrer på «Min side» i kapittelet «Administrative dokumenter».



## Noklus + NKK = sant

Norsk Klinisk-kjemisk Kvalitetssikring (NKK) tilbyr eksterne kvalitetsvurderingsprogram til norske sjukehuslaboratorium, medan Noklus tilbyr det same til verksemder utanfor sjukehus. Frå 1. januar vert desse to organisasjonane slått saman. Det nye namnet vert «Norsk kvalitetsforbedring av laboratorieundersøkelser», og forkortinga vil framleis vere Noklus.

## Noklus på Facebook

Noklus har eigen profil på Facebook. Her vil vi varsle om nye saker på heimesida vår, og vi vil dele noko av det som skjer i regi av Noklus rundt omkring i landet

Vi håper du vil like Facebook-sida vår

## Vi vil takke alle for eit godt samarbeid i 2016 – vi gler oss til vidare samarbeid i 2017!

## Helsing

Toril, Kari-Anne og Marit

[www.noklus.no](http://www.noklus.no)

Noklus Sogn og Fjordane, Førde sentralsjukehus, 6807 Førde

Laboratoriekonsulent Toril Ringheim  
Laboratoriekonsulent Kari-Anne M.Strømmen

Laboratoriekonsulent Marit Steinsund

Spesialist Ann Helen Kristoffersen

[www.noklus.no](http://www.noklus.no)

Telefon: 57839289/9164421

Telefon: 57839230/90682961

Telefon: 57839425/97070978

Telefon: 55973113

E-post : [toril.ringheim@helse-forde.no](mailto:toril.ringheim@helse-forde.no)

E-post : [kari.anne.strommen@helse-forde.no](mailto:kari.anne.strommen@helse-forde.no)

E-post : [marit.steinsund@helse-forde.no](mailto:marit.steinsund@helse-forde.no)

E-post : [ann.kristoffersen@helse-bergen.no](mailto:ann.kristoffersen@helse-bergen.no)